



Eit born i den kommunale barnehagen i Uskedalen vart i føremiddag bragt til Haukeland sykehus i luftambulansse etter det som i fyrste omgang vart hevda å vera ei ulukke med ein leikebil. Dette avviser leiinga ved barnehagen kategorisk og opplysar at det som skjedde var at bornet fall ut og at dei ikkje fekk kontakt med det. Då vart 113 straks rutinemessig oppringt og ambulansse og luftambulansse kom etter stutt tid. Sjølvstakt vart også foreldra varsla.

Styrrar Marianne Bjørnebøle seier til Bergens Tidende at dei straks kjem til å gjera en gjennomgang av det som skjedde og korleis hendinga vart handtert.

Ho seier at bornet vart sendt til sjukehus for observasjon. Tilbakemeldingane frå Haukeland var positive.

På biletet er helikoptermannskapet på veg inn til barnehagen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen